




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Samarbeid mellom helgestasjon, skolehelse- tenesta og helgestasjon for ungdom og den offentlege tannhelsetenesta



# Bakgrunn for samarbeid for ei god munnhelse

Den offentlege tannhelsetenesta har ansvar for, og skal gi eit regelmessig og oppsøkande tilbod til barn og ungdom frå 0–20 år. I praksis blir barna sin rett til tannhelsehjelp ivaretatt på helsestasjonen fram til 3-årsalder. «Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom», og «Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenesten 0–20 år», skal kvalitetssikre samarbeidet mellom tenestene og bidra til optimal tannhelse og reduksjon av ulikskap i tannhelse hos barn og ungdom frå 0 til 20 år.

I konsulasjonane på helsestasjonen er tannhelse eit viktig tema både når det gjeld ernæring og god dagleg omsorg. Konsulasjonane bør også avdekke sjukdom som kan påverke den orale helsa. Det er derfor naturleg at tannhelse er innlemma i konsulasjonane i helsestasjonsprogrammet, og at helsejukepleiar eller lege informerer om tannhelse som ein del av helseinformasjonen til føresette.

Helsejukepleiar har lokalkunnskap, kjenner familien og kan arbeide førebyggande og helsefremmande ut frå dette. Undersøking ved helsestasjonen kan bidra til å redusere sosial ulikskap i tannhelse.

Samarbeidet skal også sette fokus på barn og ungdom mellom 5 – 20 år. I «Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom», står det at eit systematisk samarbeid med tannhelsetenesta vil bidra til å sikre barn og ungdom god kvalitet på det samla helsetilbodet. Det er naturleg at tannhelse er tema under helseamtalen til barn og ungdom i 1. og 8. skoletrinn. Samarbeidet skal sikre gode rutinar for at skolehelsetenesta og helsestasjon for ungdom kan henvise barn og ungdom til den offentlege tannhelsetenesta ved behov.

Eit godt tilbod er avhengig av eit forpliktande samarbeid mellom helsestasjonstenesta og tannhelsetenesta. Samarbeidet kan best sikrast mellom partane der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

Formålet med samarbeidet er å bidra til optimal tannhelse for barn og unge 0–20 år, og reduksjon av sosial ulikskap i tannhelse. Helsestasjonstenesta og den offentlege tannhelsetenesta har ansvaret for at tilbodet blir utført med lik kvalitet som fremmer fysisk og psykisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold.

## Lover og nasjonale føringar

- Lov om tannhelsetjenesten (1983)
- Helse og omsorgstjenesteloven (2012)
- Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjenesten og helsestasjon for ungdom, IS 2582 (2017)
- Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0–20 år (2018)
- Lov om pasient og brukerrettigheter (1999)
- Lov om helsepersonell (1999)
- Lov om folkehelsearbeid (2012)
- Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjon – og skolehelsetjenesten (2018)
- St.meld. 35 (2006–2007) Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning. Framtidas tannhelsetjenester
- St. meld 34 (2012–2013) Folkehelsemeldingen
- Regional delplan tannhelse for Møre og Romsdal fylkeskommune (2013)

# Rutinar for samarbeid mellom tannhelsetenesta og helsestasjonstenesta om barn 0–5 år

Tannhelsetenesta har ansvar for at helsesjukeleiar og anna personell ved helsestasjonen får veiledning og opplæring i oral helse, slik at føresette får god informasjon under konsultasjonane på helsestasjonen.

## Munnundersøking og tannhelseinformasjon på helsestasjonen

Munnundersøkinga skal utførast av helsesjukepleiar eller lege. Det bør vere avklart på førehand kven som gjennomfører undersøkinga på kvar av dei fire munnundersøkingane. Undersøkinga skal vere enkel med godt lys.

Helsesjukepleiar eller lege bør informere om kor viktig det er å etablere gode vanar for tannpuss to gonger dagleg frå første tann. Tenner og tannhelse bør også omtalast i samband med tema som hygiene, måltidsvanar og ernæring.

### 6 veker: munnundersøking

Undersøk munnen for sopp (trøske) og misdanningar. I samband med ammeproblem bør også tunge, leppeband og gane undersøkast og oppfølging hos fastlege vurderast.

### 5 månader: tannhelseinformasjon

Kosthaldsinformasjon i tråd med nasjonale retningslinjer. Ha fokus på redusert sukkerinntak, mengde og hyppighet. Vatn som tørstedrikk.

Tannpuss med fluortannkrem morgon og kveld frå frambroten av første tann. Ein knapt synleg mengde tannkrem på tannbørsten. Ha fokus på gode tannhelsevanar frå tidleg alder.

## **6 månader: munnundersøking og tannhelseinformasjon**

Dei første tennene framme i underkjeven kjem som regel i denne alderen. Sjå om barnet har fått tenner, og vis føresette korleis dei kan pusse. Målet er å få gode vanar med tannpuss to gonger om dagen med ei knapt synleg mengde fluortannkrem.

## **8 månader: tannhelseinformasjon**

Kosthaldsinformasjon i tråd med nasjonale retningslinjer. Fokus på redusert sukkerinntak, mengde og hyppighet. Vatn som tørstedrikk.

Tannpuss med fluortannkrem morgen og kveld frå frambrøt av første tann. Ei knapt synleg mengde tannkrem på tannbørsten. Instruer i pusseteknikk. Det kan vere utfordringar med tannpuss på små barn, og spør gjerne om det er vanskeleg.

Tannhelsetenesta gir rettleiing.

## **10 månader: tannhelseinformasjon**

Oppfølging av informasjon som ved 8 månader. Spør om det går greitt med tannpuss.

## **12 månader: munnundersøking og tannhelseinformasjon**

Ved eit-års alder har barna som regel fire framtenner i underkjeven og fire framtenner i overkjeven. Jekslane har vanlegvis ikkje kome. Undersøk barnet ved å løfte overleppa for å sjå om det er synleg belegg på framsida av tennene i overkjeven. Bruk eventuelt den butte delen av ein tannpirkar til å skrape langs tannkjøttkanten for å sjå om der er belegg. Det same kan gjerast i underkjeven. Instruer føresette i tannpuss, med råd om å pusse to gonger om dagen med ei mengde fluortannkrem som svarer til barnet sin lillefingernagl. Dersom det er problem med å få utført tannpuss og det er store mengder synleg belegg, bør barnet henvisast til tannhelsetenesta. Vurder også henvisning dersom føresette informerer om munproblem av forskjellig art.

Kosthald og tannpuss som ved 8 og 10 månader.

## **15 månader: tannhelseinformasjon**

Kosthald og tannpuss. Oppfølging av informasjon som ved 8 og 10 månader.

Frambrot av dei første jekslane er nært føreståande. Informer om at det er viktig å få pusse jekslane.

Instruer pusseteknikk om behov.

## **2 år: munnundersøking og tannhelseinformasjon**

Ved to-års alder har som regel både hjørnetenner og dei første jekslane brote fram.

Frambrot av dei bakarste jekslane er nært føreståande. Informer om det er svært viktig å få pusse jekslane.

Undersøk tennene ved å løfte overleppa for å sjå om det er synleg belegg på framsida av framtennene. Bruk eventuelt den butte delen av ei tannstikke til å skrape langs tannkjøttskanten for å sjå om der er belegg. Det same kan gjerast i underkjeven. Sjå på jekslar og slimhinne. Ved synleg misfarging, belegg og ved mistanke om karies eller problem med tannpuss, henvis til tannhelsetenesta.

Instruer føresette i tannpuss med råd om å pusse to gonger dagleg. Mengde med fluortannkrem tilsvarende barnet sin lillefingernagl.

Kosthald, oppfølging av informasjon som ved 8 og 10 månader.

NB: Den offentlege tannhelsetenesta har ansvar for å gi helsestasjonstilsette fagleg støtte, opplæring og rettleiing.

## **Amming og bruk av flaske med mjølk om natta**

Det er ikke dokumentert at amming kan gi karies, men morsmjølk inneheld mjølkesukker. Om natta er spyttproduksjonen som beskyttar tennene redusert.

Hyppig amming, og bruk av mjølkeflaske om natta, kan gi auka risiko for karies for barn over eit år. Når barnet har fått tenner er det viktig å vere nøyne med tannpuss.

## **Smokk og fingersuging**

Små barn har eit medfødd sugebehov. Ei tidleg avvenning med smokk kan føre til at smokken blir erstatta med å suge på finger som er vanskelegare å venne av. Avgrens

smokken til innsovning og anbefal å slutte ved 3-4 årsalder. Det kan føre til bittfeil dersom dagleg hyppig og langvarig bruk av smokk eller å suge på finger.

## Fluortannkrem

Barn og unge bør pusse tennene med fluortannkrem to gonger dagleg frå første tann.

- Under 1 år: Knapt synleg mengde tannkrem (0,1ml).
- 1 år: Mengde tilsvarende barnet sin lillefingernagl.
- 3 år: Ertstor mengde tannkrem (0,25 mg).

Ikkje skyl munnen etter tannpuss.

Tannpuss med fluortannkrem vil gi tilstrekkeleg fluor til dei fleste, men barn og unge kan i tillegg nytte andre fluortilskot etter ei individuell vurdering av tannlege eller tannpleiar:

- dersom der er eit kariesproblem
- dersom det er vanskeleg å utføre adekvat tannpuss

For å få størst effekt bør fluortilskot ikkje nyttast samtidig med tannpuss.

Aktuelt fluortilskott for barn 3–6 år:

- Fluortablettar skal sugast for å gi ein lokal verknad på tennene, ikkje svelgast.

## Tannbørste

Frå første tann:

- Mjuk eller ekstra mjuk tannbørste
- Børstestørrelse etter barnet sin alder, ut frå om det er stor eller liten munn, og gjerne mindre enn alder som er angitt på tannbørsten.
- Elektrisk tannbørste kan vere alternativ for enkelte, og kan føre til betre og lettare tannpuss. Elektrisk tannbørste kan vurderast etter at barnet har fått dei fleste tennene og er motivert for å bruke den. Det er ikkje aktuelt å bruke

elektrisk tannbørste på dei minste barna. Tannklinikken bør vurdere dette for kvart enkelt barn, og følge opp.

## Anbefalte hjelpe midlar under konsultasjonar med tenner som tema

Brosyre «Frisk munn – viktig for god helse» på 11 språk, og anna informasjonsmateriell frå den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal;

- [Tilgjengeleg på nettsida; http://www.mrfylke.no/tannhelse](http://www.mrfylke.no/tannhelse)
- Eller ved å kontakte Folkehelserådgivar ved Fylkestannlegens kontor.

Brosyre «God tannhelse frå første tann» på 14 språk, og anna relevant informasjon frå Kompetansesenteret Tannhelse Midt (TkMidt);

- [Tilgjengeleg på nettsida; https://www.tkmidt.no/tannvern](https://www.tkmidt.no/tannvern)

Temaside om tenner hos barn og anna relevant informasjon tilgjengeleg på Helsenorge.no (levert av Helsedirektoratet);

- [Tilgjengeleg på nettsida; https://www.helsenorge.no/tannhelse/tenner-hos-barn](https://www.helsenorge.no/tannhelse/tenner-hos-barn)

Andre anbefalte hjelpe midlar frå tannhelsetenesta (eks. tannbørste og tannmodell).

# Henvisning frå helsestasjon til tannhelsetenesta

## Skjema for henvisning:

«SKJEMA Henvisning frå helsestasjon eller skolehelsetenesta til tannhelsetenesta» er tilgjengeleg på nettsida til den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal; <https://mrfylke.no/tenester/tannhelse/folkehelse-og-samhandling/>

## Kriteria for å henvise:

Kriteria for henvisning frå helsestasjon eller skolehelsetenesta til tannhelsetenesta, er utarbeidt på bakgrunn av [henvisningskriteria til Helsedirektoratet](#):

- **Barn som har smerter i tenner eller tannkjøtt.** Smerter i munnen kan skuldast djup karies, tannbyllar eller infeksjonar i tannkjøttet.
- **Barn som har dårlege pussevaner** Frå første tann bør føresette pusse barna sine tenner dagleg med fluortannkrem. Etter kvart som det kjem fleire tenner, skal det pussast to gonger dagleg. Det er viktig å etablere gode tannhelsevaner som vil kome barnet til gode seinare i livet. Henvis dersom føresette ikkje pussar tilstrekkeleg.
- **Barn med synleg belegg, misfargingar eller karies** Barn som har synleg belegg (plakk) på tennene, særleg framtennene i overkjeven har auka risiko for å utvikle karies. Forsøk å motivere føresette til eit betre tannpuss og henvis til tannhelsetenesta.
- **Barn som får sukkerhaldig drikke om natta og mellom måltid.** Vatn blir anbefalt som tørstedrikk om natta og mellom måltid. Hyppig bruk av drikke og mat som inneheld sukker gir risiko for utvikling av karies.
- **Barn som har kroniske sjukdomar og/eller bruker mykje medisin.** Kronisk sjuke barn har ofte større risiko for å få karies og andre munnsjukdomar. Medisinar kan både innehalde sukker og redusere spyttproduksjonen. Begge deler medfører auka kariesrisiko.

- **Barn i følgende grupper kan ha øydelagte tannhelse – vurder henvisning**

- Barn av føresette med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengige eller med alvorleg somatisk sjukdom eller skade.
- Barn i kjente risikofamilier.
- Barn i familiær med innvandrarbakgrunn.
- Barn der føresette opplever problem med tenner eller munn.
- Ungdom som har dårlig tannhelse, eller opplever problem med sin orale helse.

Helsestasjonstenesta skal rapportere i KOSTRA på kor mange 2-åringar som blir henvist til tannhelsetenesta frå helsestasjonen, (Jf. Nasjonal faglig retningslinje for helsestasjon, skolehelsetjenesten og helsestasjon for ungdom», kap. 4.2, - «Munnundersøkelse», under «praktisk informasjon»).

#### Henvisningskjema, beskriv årsak til henvisning

- Informert samtykke.
- Tannhelsetenesta kallar inn for undersøking og oppfølging på tannklinikke.
- Tannhelsetenesta sender tilbakemelding til helsestasjonstenesta når vedkomande er under tilsyn av tannhelsetenesta.

# Rutinar for samarbeid mellom tannhelsetenesta og skolehelsestenesta om barn og ungdom 5–20 år

I «Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og førebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjenesten og helsestasjon for ungdom»; pkt. 5.2, står det at alle barn bør få tilbod om ei hlesesamtale og ein somatisk undersøking på 1. skoletrinn, og at alle ungdomsskoleelevar i 8. skoletrinn bør få tilbod om ei hlesesamtale. Tannhelse skal vere tema i hlesesamtalen, og ei undersøking i munnen kan gjennomførast i 1. skoletrinn.

## Munnundersøking i 1. skoletrinn

Undersøkinga i 1. skoletrinn skal vere enkel med godt lys, utan hjelp av instrument og bør inkludere sjekk som:

- Tannpuss og eventuelt synleg karies. Er det synleg belegg på tennene, skal føresette til barnet gjerast merksam på dette.
- Unormalt tannframbrot. Ved tvil, ta kontakt med tannhelsetenesta.
- Sår og skader i slimhinne, tenner eller andre teikn som kan gi mistanke om alvorleg omsorgssvikt.

Henvis til tannhelsetenesta dersom det blir påvist mangefull munnhigiene, karies eller generell sjukdom som kan påverke den orale helsa, eller om det blir avdekt at barnet ikkje har møtt etter innkalling til tannhelsetenesta.

**For at dei skal få eit helsefremmande og tannvenleg kosthald bør elevane i 1. og 8. skoletrinn få råd og rettleiing om:**

- å unngå mellommåltid med mat og drikke tilsett sukker
- å unngå hyppig inntak av syrehaldig mat og drikke som eks. sure godteri, brus, juice og sitrusfrukter
- å drikke vatn som tørstedrikk

# Råd og rettleiing om tanppuss og munnhelse

## 1. skoletrinn

- Tanppuss 2 gonger dagleg med vaksentannkrem som har minst 0,1% fluorid, og med ei mengde tilsvarende ei ert.
- Ikkje skylje munnen med vatn etter tanppussen.
- Føresette bør hjelpe barnet med tanppussen eller overvake tanppussen til barnet har motorisk ferdighet til å greie det sjølv, omlag ved 10 års alder.
- Når 6-års jekslane bryt fram, er det særskilt viktig med god tanppuss i tyggeflatane.

## 8.skoletrinn

- Tanppuss med fluortannkrem to gonger dagleg (0,15% fluorid).
- Ikkje skylje munnen med vatn etter tanppuss.
- Om bruk av snus skader tenner og tannkjøtt.
- Om karies og syreskader på tennene.
- Spør om ungdommen opplever problem med tenner eller munn, og om vedkomande har vore på tannklinikken.

## Anbefalte informasjonssider på Helsenorge.no

Temaside om helseskader av snus, se; <https://www.helsenorge.no/snus-og-roykeslutt/helsekader-av-snus>

Temaside om hull i tennene, se; <https://www.helsenorge.no/sykdom/munn-tenner-kjeve/hull-og-tannskader>

## Tilråding om bruk av fluor

Det er sterkt tilrådd at barn og unge bør pusse tennene med fluortannkrem to gonger dagleg. Munnen bør ikke skyljast med vatn etter tannpuss.

- Frå 3 år: Ei ertstor mengde tannkrem (0,25 ml).
- Frå 7-årsalder kan mengde tannkrem aukast ytterlegare

### Aktuelle fluortilskot for barn og unge 7–20 år

Tannlege/tannpleier bør velje tiltak på individuelle indikasjonar i samråd med pasient og føresette:

- fluorskyljevæske, 0,2 % natriumfluorid
- barn under 12 år bør skylje under tilsyn av føresette
- væska skal ikkje svelgast

Kan nyttast 1-2 gonger dagleg avhengig av om tannpuss blir gjennomført som anbefalt

- fluor tyggegummi
- fluortablettar
- høgkonsentrert fluortannkrem, eks. Duraphat- tannkrem (apotek) kan nyttast av ungdom over 16 år etter råd frå tannhelsepersonell

For å få størst effekt bør fluortilskot ikkje brukast samtidig med tannpuss.

## Helsestasjon for ungdom

Helsesjukepleiar og lege for helsestasjon for ungdom bør vere merksam på ungdomar som har dårleg tannhelse, og vere bevisst på at objektive tilstander/funn som dårleg oral helse kan vere eit teikn på psykiske utfordringar.

Ved helsestasjon for ungdom bør ungdomen bli informert om tilbodet til den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal. [Les meir om kven som har rettar til gratis eller rabattert tannbehandling, på nettsida; http://www.mrfylke.no/tannhelse](#)

## **Meir informasjon**

Har du behov for meir informasjon om tannhelsetilbodet i Møre og Romsdal, eller behov for kontakt med nærmaste tannklinikks eller folkehelserådgivar? Sjekk oss på [mrfylke.no/tannhelse](#)

For generell informasjon om tannhelse, sjekk [helsenorge.no/tannhelse](#)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no/tannhelse](http://mrfylke.no/tannhelse)